

PÅSKEMÅLTID FOR FAMILIEN



Leiar: I namnet åt Skaparen, Frigjeraren og Livgjevaren.

Alle: Amen.

Salme

1. Hevenu shalom alechem. (3X)

Hevenu shalom, shalom, shalom alechem.

2. Eg blir så glad når eg ser deg. (3X)

Eg blir så glad, så glad, så glad når eg ser deg.

3. Det er Guds fred eg vil gje deg. (3X)

Det er Guds fred, Guds fred, Guds fred eg vil gje deg.

Det første begeret fyllast med vin – Livets beger

1. PÅSKE – EIN FEST FOR VÅR FRIDOM

L: Denne kvelden skal vi minnst at Gud har forløyst oss og frigjort oss frå slaveriet gjennom Jesu død og oppstode – slik Bibelen fortel om at Gud også ein gong forløyste og frigjorde Israelsfolket frå slaveriet i Egypt. Bibelen fortel at Israelsfolket i Egypt ofra sitt påskelam og blodet frå lammet verja Israelsfolket frå døden då dødsengelen gjekk forbi. Etterpå starta den lange vandringa frå slaveri til fridom.

Bibelen fortel også at Jesus la ut på ein siste vandring som førte til døden, men Jesus stod opp igjen og vart vår Frigjerar.

Jesus har ført oss frå død til liv – frå slaveriet har han gjeve oss Gudsriket. Med glede ser vi fram mot at han skal koma igjen og retta opp alle ting.

Lat oss alle be:

Alle: Lova vere du vår Gud, som har gjeve oss påska – høgtida for dei usyra brøda og vår heilage samling – til minne om utferda frå Egypt og til minne om at du Jesus døydde for oss og vart vår evige Frigjerar. Lova vere du vår Gud som stadig kallar oss til samfunn med kvarandre og til stadig kamp for fred, rettferd og likestilling.

Livets beger løftast medan vi seier:

Velsigna vere du vår Gud, som skapte alt og gav oss fridomen.

Alle drikk Livets beger.

2. GJENNOM LIDINGA – MOT FRIDOMEN

Alle: Velsinga vere du vår Gud, som har skapt alt som grøder på jorda.

L: Når vi eter denne persilla, dyppa i saltvatn, minnast vi Israelsfolket sine tårar i Egypt, vi minnast Jesu liding på krossen, og vi minnast alle lidande menneske i vår eiga verd.

Alle dypper ein kvast med persille i saltvatn og eter den.

L: Som Israelsfolket gjekk tvers gjennom Sivhavet gjekk Jesus gjennom døden, og han vann fridom og frigjering for oss.

L bryter det usyra brødet.

L: Dette er eit trengsels brød som Israelsfolket åt i Egypt – og som Jesus åt den natta han vart sviken. Lat alle som er i naud koma og ta del i dette måltidet. I år feirar vi kjærleikens mysterium her; neste år i himmelens rike, det nye Jerusalem!

3. DEN STORE FORTELJINGA – UTFERDA FRÅ EGYPT

Salme

1. When Israel was in Egypts land, Let my people go!
Oppressed so hard the could not stand, Let my people go!

Refr: Go down Moses, way down in Egypts land. Tell old,
Pharaoh, to let my people go!

2. Your foes shall not before you stand, Let my people go!
And you'll posess fair Canaans land, let my people go!

3. O let us all from bondage flee, Let my people go! And let us
all in Christ be free, Let my people go!

Frídomens beger fyllast med vin.

Den yngste spør: Kva skil denne kvelden frå alle andre kveldar?

Alle: På alle andre kveldar kan vi ete både syra og usyra brød – men denne kvelden kan vi berre eta usyra brød.

Den yngste spør: Kva skil denne kvelden frå alle andre kveldar?

Alle: På alle andre kveldar kan vi eta alle slag urtar – men denne kvelden kan vi berre eta bitre urtar.

Den yngste spør: Kva skil denne kvelden frå alle andre kveldar?

Alle: På alle andre kveldar dyppar vi ikkje så mykje som ein gong, men denne kvelden dyppar vi to gonger. (Persillen i saltvatnet og brødet i dei bitre urtene)

L: Når vi denne kvelden eter usyra brød og bitre urter, og når vi dyppar i saltvatn og nøttedeig, så vert denne kvelden til ein annleis kveld. Den skal hjelpa oss og hugsa korleis Israelsfolket vart redda ut av Egypt og korleis Jesus vart vår Frigjerar når han vann over døden!

Lat oss alle be:

Alle: Gud, vår Skapar,

L: Vi takkar deg for Bibelen som vitnar om at du elskar alle menneske.

Alle: Jesus, vår Frigjerar,

L: Vi bed deg om hjelp til å lesa i Bibelen, til frigjering for menneska.

Alle: Heilag Ande, vår Livgjevar,

L: Vi bed deg om Ordet i Bibelen vert ei kjelde i kampen for rettferd og fred.

Alle: Amen.

L: Lat oss høyra forteljinga om utferda til Israelsfolket:

Den eldste les frå 2.Mosebok 12,21-42

L: Lat oss høyra korleis Gud er trufast og skapte tryggleik gjennom trengslene til Israelsfolket.

Den eldste les frå 2.Mosebok 14,5-14

og avsluttar med: Slik lyder Bibelens ord.

4. DEN ANDRE STORE FORTELJINGA: MESSIAS SI LIDING OG OPPSTODE

L: Bibelen seier: «Den dagen skal du seie til son din: Dette er til minne om det Herren gjorde for meg då eg drog ut av Egypt.» (2.Mosebok 13,8) Vi feirar ein annan påske i Jesus Kristus, og vi skal også seie til våre barn: «Dette er til minne om det Jesus, vår Frigjerar gjorde for oss då han sigra over døden.» Lat oss difor høyra forteljinga om Jesu veg til krossen, og korleis han vart oppreist frå døden til livet, og om korleis Jesus vår Frigjerar leiar oss til Gud.

Den nest eldste les frå Johannes 19,17-22 og 28-37.

og frå Markus 16,1-8

L: Kristus er oppstaden!

Alle: Kristus er sanneleg oppstaden!

Salme

På Golgata stod det ein kross. Jesus hang på den krossen.

I hagen var det ein grav. Jesus låg i den grava.

Men krossen er tom, grava er tom. Jesus stod opp og han lever. (2X)

Fridomens beger løftast medan vi seier:

Velsigna vere du vår Gud, som skapte alt og gav oss fridomen.

Alle drikk Fridomens beger.

5. GUDS LAM – VÅR FRIDOM

L: På bordet har vi lam, usyra brød og bitre urter, slik som det står i Bibelen: «De skal steika påskelammet på elden og eta det med usyra brød og bitre urter» (2.Mosebok,12,8)

Lammet minner oss om korleis Israelsfolket slakta eit lam og strauk blodet på dørstolpane. Påskelammet minner oss også om at Jesus døde for vår frigjering: «Sjå, der er Guds lam, som ber bort synda i verda!» (Johannes 1,29)

Det usyra brødet som vart brote minner oss om mannabrødet frå himmelen. Det minner oss også om Jesu lekam som vi tek imot i nattverden. Det er dei fattige sitt

brød, men det har alltid vore det brødet som Guds folk har delt med kvarandre under si vandring.

Dei bitre urtene minner oss om at livet vart bittert for Israelsfolket, det minner oss om lidinga på krossen og om den lidinga som mange i vår verd lider kvar dag.

Mørtelblandinga symboliserar mørtelblandinga som Israelsfolket måtte bruka til å byggja pyramidar og byar medan dei var slavar hjå egyptarane.

Egget symboliserar det ekstra offeret som vart bore fram og det nye livet vi ventar på.

L: Difor skyldar vi å takka Gud for alle desse undera – i den gamle tida og for oss i dag. Gud leier oss frå fortviling til glede, frå sorg til fest, frå slaveri til frigjering.

Alle et ½ egg, brød med bitre urter og mørtelblanding.

Salme

Syng lovsang, heile jorda, syng lovsang for vår Gud. (2X)

Hans nåde varer evig, hans kjærleik er stor. (2X)

Syng lovsang, heile jorda, syng lovsang for vår Gud. (2X)

6. AGAPEMÅLTID – Å ETA I KJÆRLEIK

Velsigningas beger fyllast med vin.

L: Lat oss fortelja om Jesus siste måltid med læresveinane sine.

Den eldste fortel: Kvelden før han døydde, heldt Jesus påskemåltid saman med læresveinane sine. Dei feira påsken, minnst utferda frå Egypt og song lovsongane sine. Men Jesus gav måltidet eit nytt innhald, då han braut det usyra brødet og gav læresveinane sa han: «Dette er min kropp!» Og då han gav dei velsigningas beger – det tredje begeret med vin – sa han: «Dette er mitt blod!» Han sa også: «Den som vil vera den største blant dykk, skal tena dei andre!» På denne kvelden feirar vi at vi er Guds barn, på grunn av Jesus. Vi bed saman slik Jesus lærte oss å be:

Alle: Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi og tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

Velsigningas beger løftast medan vi seier:

Velsigna vere du vår Gud, som skapte alt og gav oss fridomen og velsigna oss.

Alle drikk Velsigningas beger.

Den eldste løfter det usyra brødet og seier:

Velsigna vere du Gud, som gjev oss brød frå jorda og brød frå himmelen!

Den eldste bryter det usyra brødet og delar det ut.

Salme

Når vi deler det brød som du oss gir, når vi deler det brød som du oss gir, blir vår natt vendt til dag i din kjærlighets soloppgang. Å, Jesus du er vårt liv!

Alle et det usyra brødet.

7. VONA OM FRAMTIDA

Det fjerde begeret fyllast med vin – Vona sitt beger

L: Lat oss høyra om den vona som Jesus har gjeve oss:

Eit barn lesar frå Openberringa 21,1-5

Vona sitt beger løftast medan vi seier:

Velsigna vere du vår Gud, som skapte alt og gav oss fridomen og vona.

Alle drikk Vona sitt beger.

L: I år feirar vi påske her. Men når Gud vil, skal vi feira måltid i Himmelenes rike, i det nye Jerusalem!

8. MÅLTIDET

Salme

Å du som metter liten fugl, velsign vår mat O Gud. Amen.

Oppskrift til ingrediensane i Påskemåltidet:

Solbærsaft til vin

1/2 kokt egg til kvar

Persilledusk til kvar

Saltvann til å dyppa persilledusken i.

Bitre urter av pepperrot og rødbet

Flatbrød

Mørteldeig av eple, mandelmasse og rosiner

Lam til hovedrett